



Heime att frå Berlin: Uskedelingane (frå venstre) Joakim Sandnes, Kurt Inge Miljeteig, Morten Eidsvik, Simen Raustein, Jørgen Moberg og Monica Myklebust på kaia i Rosendal fredag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad vidaregåande skule satsar sterkt internasjonalt og alle elevane på vg2 skal utanlands i år. Det kan skje mellom anna takk vere eit godt samarbeid mellom skulen og næringslivet.

Denne veka har såleis dei 19 på ålmennfag som les tysk på andre året vore i Berlin, leia av fire lærarar. Seks av dei er uskedelingar og ved heimkomsten fredag kveld var dei einige om at det hadde vore ein lærerik tur til ein flott by.

Dei seks er Joakim Sandnes (17), Kurt Inge Miljeteig (18), Morten Eidsvik (17), Simen Raustein (18), Jørgen Moberg (17) og Monica Myklebust (17). Alle går i A-klassa med unnatak av Joakim.

- Vi opplevde ein litt annleis kultur, den er eigentleg ikkje så forskjellig frå vår, sa Morten Eidsvik til uskedalen.no. For sin eigen del hadde han berre vore ei natt i Tyskland under gjennomreise til Frankrike før Berlinturen, som starta måndag.

Då besøkte dei mellom anna KADEWE, eit av dei mest imponerande varehusa i Europa. Men enda sterkere inntrykk fekk dei nok den andre dagen, då konsentrasjonsleiren Sachsenhausen like nord for hovudstaden stod på programmet. Der imponerte den skotske guiden Nigel med kunnskapane sine. Blant makabre opplysningar hugsar Morten spesielt skildringa av av fangar som vart hengde i juletreet.

I sentrum opplevde Kvinnherad-gruppa mellom anna ein times "rundtur" oppe i TV-tårnet på Alexanderplatz, "restane" av Checkpoint Charlie. Pergamon-museet med sine islamittiske samlingar og jødeminnesmerket. Det nye og imponerande Sony-senteret på Potsdamer Platz var dei også innom. Med andre ord fekk dei eit tversnitt av ein by som er metta av verdshistorie og kultur, men det er sjølvstøtt begrensa kva ein kan få med seg på så få dagar.

- Men kvifor satsa på tysk, Morten?

- Det var det einaste andrespråket som eg kunne læra på ungdomsskulen. Eg hadde nok heller vald spansk hvis tilbodet hadde vore der. Men då eg først hadde starta med tysk var det naturleg å halda fram med det på vidaregåande.

No har eg hatt tysk samanhengande i fem år. Eg er flinkast skriftleg, men kan så nokonlunde klara meg også muntleg. Det gjekk greitt i Berlin, men vi fekk jo ikkje dei store utfordringane, seier Morten.

Han fortel at turen kosta rundt 3.500 kroner og at dei fekk ein tusenlapp i støtte.

Av Ola Matti Mathisen